



**Nærøyfjorden
verneområdestyre**

Møteinnkalling

Utval:	Nærøyfjorden verneområdestyre
Møtestad:	Aurland
Dato:	25.03.2025
Tidspunkt:	11:00

Eventuelt forfall må meldes snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Styremøtet i Nærøyfjorden verneområdestyre vert fysisk i Aurland, på rådhuset der.

Møtestart kl 11.00

Det vert ei matpause og matservering i løpet av møtet.

Vi er ferdige seinast kl 15.00

Alf Erik Røyrvik frå Statsforvaltaren vert med som sekretær under møtet.

Styremedlemmene kan ha med seg bisitjar frå kommunane. Det er då fint om de melder i frå om det seinast fredag 21.3 med tanke på bestilling av mat.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 7/25	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 8/25	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 9/25	Nærøyfjorden verneområdestyre - orienteringssaker til styremøte 25.03.25		2025/537
ST 10/25	Orienteringar og referatsaker		
RS 11/25	Innspel frå Nærøyfjorden verneområdestyre og Stølsheimen verneområdestyre - utredning av organisering av verneområdeforvaltere		2024/18199
DS 1/25	Løyve - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel - snøskuter - materiell og ved til Vassete fjellstøl - Lars Nedberge		2025/1752
DS 2/25	Løyve - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde -motorferdsel - snøskuter til Flenjane 2025-2028 - Morten Nesbø		2025/2888
DS 3/25	Delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Dispensasjon - motorferdsel - snøskuter - Fyre-Nisedalen - Atle Underdal Borlaug		2025/1860
ST 11/25	Nærøyfjorden verneområdestyre - bruk av driftsmidler for 2025		2024/15793
ST 12/25	Nærøyfjorden landskapsvernområde - Øvste Stigen - istandsetting av taubane - Øvste Stegen Høgdegard		2024/15702
ST 13/25	Nærøyfjorden landskapsvernområde - midlertidig anleggsveg og rehabilitering av flaumvoll - Holmen kraftverk AS		2023/197
ST 14/25	Nærøyfjorden landskapsvernområde - Søknad om fleirårig løyve til helikoptertransport til Grindaflethytt - Voss Utferdslag		2025/3763
ST 15/25	Nærøyfjorden verneområdestyre - fordeling av tiltaksmidler for 2025		2024/15667
ST 16/25	Eventuelt		

ST 7/25 Godkjenning av innkalling og dagsorden
ST 8/25 Val av styremedlem til å skrive under protokollen



Arkivsaksnr: 2025/537-4

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 17.03.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	9/25	25.03.2025

Nærøyfjorden verneområdestyre - orienteringssaker til styremøte 25.03.25

Innstilling frå forvaltar

Styret tek orienteringssakene til vitande

Saksopplysningar

Vikarstillinga

Det var 29 søkjarar til vikarstillinga, med variert bakgrunn og erfaring. Statsforvaltaren er godt nøgd med søkjarmassen. Det er gjennomført intervju, og nestleiar i styret har vore med på intervju. Tilsetting er vonleg rett rundt hjørnet.

Vikariering i samband med sjukemelding

Som kjent er ein av forvaltarane sjukmeldt på enno uviss tid. Når dette fell saman med permisjonen til den andre forvaltaren i Aurland vert det naturlegvis utfordrande. Det vil derfor vere behov for støtte til forvaltningsknutepunktet i Aurland både fram til vikar er på plass, men og noko etter det og. Vi har sett saman eit lite lag av andre forvaltarar som fungerer som midlertidige forvaltarar i Aurland. Det er Tor Arne Hauge (Jostedalsbreen/Sandane) Trygve Snøtun (Jostedalsbreen/Gaupne) og Alf Erik Røyrvik (Naustdal-Gjengedal og Ålfotbreen/Sandane). Vi er alle tre røynde forvaltarar og vi har og støtte frå andre forvaltarar og tilsette hjå Statsforvaltaren.

Vi må ta desse oppgåvene i tillegg til våre vanlege arbeidsoppgåver. Det betyr at det er avgrensa kva kapasitet vi har. Vi prioriterer dei viktigaste oppgåvene, i første rekke sekretærfunksjon for styra, sakshandsaming i tråd med krava i forvaltningslova og omsetting av tiltaksmidlane til gjennomføring av tiltak. Det betyr at noko arbeid må prioriterast ned eller utsettast.



Vi tre har naturlegvis ikkje i nærleiken av den lokalkunnskapen, nettverket og historisk kunnskap om Nærøyfjorden og sakene der som dei faste forvaltarane har. Vi støttar oss på det vi finn i saksmapper og liknande og i tillegg på naturoppsynet. Men de kan nok likevel oppleve at saksutgreiingane vert noko kortare og mindre detaljerte enn vanleg.

Merking av Mjølfjell - Brandset skyte og øvingsfelt.

Forvaltar har sett på den kommunikasjonen som har vore mellom verneområdeforvaltninga og Forsvarsbygg sidan førre møte. Forvaltar er og gjort kjent med at det er sendt eit nabovarsel med ein revidert skiltplan til formelle partar i saka. Eg har vore i kontakt med Forsvarsbygg og dei stadfestar at det kjem revidert søknad til verneområdestyret, i tråd med vedtak i førre møte, etter prosessen med kommunen og naboane.

ST 10/25 Orienteringar og referatsaker

**RS 11/25 Innspel frå Nærøyfjorden verneområdestyre og Stølsheimen
verneområdestyre - utredning av organisering av verneområdeforvaltere**

**DS 1/25 Løyve - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde -
motorferdsel - snøskuter - materiell og ved til Vassete fjellstøl - Lars Nedberge**

**DS 2/25 Løyve - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde
-motorferdsel - snøskuter til Flenjane 2025-2028 - Morten Nesbø**

**DS 3/25 Delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Dispensasjon -
motorferdsel - snøskuter - Fyre-Nisedalen - Atle Underdal Borlaug**



Arkivsaksnr: 2024/15793-7

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 13.03.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	11/25	25.03.2025

Nærøyfjorden verneområdestyre - bruk av driftsmidler for 2025

Innstilling frå forvaltar

1. Styret gjennomfører møteplanen og nyttar driftsmidler som planlagt
2. Grunnstøtte drift står førebels ufordelt og er tilgjengeleg for oppdukkande behov gjennom året.
3. Fellesprosjektet med kunnskapsinnhenting og revidering av forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap held fram som planlagt.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Søknad om driftsmidler til Nærøyfjorden verneområdestyre for 2025
- Tildeling av driftsmidler til Nærøyfjorden verneområdestyre for 2025



Fakta i saka

Nærøyfjorden verneområdestyre søkte ved årsskiftet om totalt kr 551.530 til drift, kartlegging og planarbeid for 2025. Søknadssummen var fordelt slik:

- Driftsmidler til styret – kr 231.530
- Revidering av forvaltningsplan – kr 20.000
- Felles kunnskapsinnhenting Vestnorsk kulturlandskap – kr 300.000

Miljødirektoratet har tildelt Nærøyfjorden totalt kr 655.000 på denne posten for 2025, fordelt slik:

- Driftsmidler til verneområdestyre – kr 225.000
 - Dette er inkludert kr 100.000 i grunnstøtte drift
- Revidering av forvaltningsplan – kr 20.000
- Felles kunnskapsinnhenting Vestnorsk kulturlandskap – kr 300.000

Vurdering

Nærøyfjorden verneområdestyre har i praksis fått det som styret søkte om til drift, kartlegging og plan i 2025 og det er særst gledeleg.

Styret har fått 225.000 til drift av styret. Summen skal og dekke drift av rådgjevande utval og noko til drift og vedlikehald av nettside. Summen er littegrann mindre enn det som vart søkt om, men skal likevel vere dekkande for den planlagde drifta i tråd med vedteken møteplan.

Grunnstøtte drift er ein ny post som vart tildelt første gong i fjor. Det er relativt frie midlar som verneområdestyre kan bruke til både planlagde eller oppdukkande behov innan drift og vedlikehald av infrastruktur. Midlane kjem frå ein annan kapittelpost enn tiltaksmidlane, men kan nyttast til dels overlappande med tiltaksmidlane.

Styret kan fordele dei tildelte 100.000 i grunnstøtte til konkrete tiltak no. De kan og la midlane stå ufordelt til bruk på meir oppdukkande behov gjennom året.

Det er tildelt 20.000 til reiser og møter i tilknytning til revidering av felles forvaltningsplan med Geirangerområdet. Her er det lagt opp til to fysiske fellesmøte i 2025, og tildelinga betyr at ein kan gå vidare med planlegging og gjennomføring av desse møta.

Felles kunnskapsinnhenting i Vestnorsk fjordlandskap er eit felles prosjekt med verdsarvområda og verneområdestyra i Nærøyfjorden og Geirangerfjorden. Med tildeling på 300.000 til Nærøyfjorden for 2025, kan verneområdestyret bidra med sin del av finansieringa i tråd med prosjektplanen.



Arkivsaksnr: 2024/15702-0

Sakshandsamar: Jorunn Vallestad

Dato: 13.03.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	12/25	25.03.2025

Nærøyfjorden landskapsvernområde - Øvste Stegen - istandsetting av taubane - Øvste Stegen Høgdegard

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Øvste Stegen Høgdegard løyve til å sette i stand den gamle taubana frå fjorden og opp til garden. Dette inkluderer og gjenoppbygging av eit enkelt vernebygg over vinsjen på toppen av bana. I høve istandsettinga får dei løyve til inntil 8 helikopterhiv.

Løyve til gjenoppbygging er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ. Helikopterløyve er gjeve med heimel i verneforskrifta, § 3 punkt 2.3.

Løyve gjeld med fylgjande vilkår:

- Den gamle taubana skal byggast opp igjen så lik som mogleg som den gamle, med bruk av tradisjonell konstruksjon og material så langt det er mogleg.
 - Taubana skal følgje ruta som den gamle taubana hadde frå fjorden til garden.
 - Det kan settast opp tre taubanebukkar der dei gamle bukkane sto. Bukkane skal ha same storleik som dei gamle bukkane. Bukkane skal byggast i furu og tilpassast terrenget. Dei kan vere inntil 5 meter høge og ha ei grunnflate på inntil 2,5x2,5 meter.
 - For bæring av trekk- lastewire skal dei gamle stålkonstruksjonane som ligg i terrenget brukast, så langt det er mogleg. Desse kan behandlast mot rust og monterast på bukkane.
 - For ekstra sikring kan bukkane gysast fast i grunnen, og avstivast med bardunwirer som gysast fast i berget, dersom det er naudsynt. Det kan brukast det som trengs av nye boltar, armeringsjern etc. for å feste bukkane så dei står trygt.
 - Taubana skal driftast av en motorisert vinsj på toppen av bana.
- Det kan settast opp eit enkelt vernebygg over vinsjen.
 - Bygget skal settast opp der det gamle bygget sto.



- Bygget kan vere inntil 3 meter langt og 2 meter breitt, og med ein høgde til beten på ca 2 meter.
- Bygget skal utførast som eit stikksperrhus, dvs ein reisverkskonstruksjon i bindingsverk med botn og toppsviller, som har sperrebukkar som berer åsar. Om mogleg bør reisverket byggast av tre hogd lokalt på plassen.
- Bygget kan ha kledning på tre sider. Opninga mot tuabenetraseen skal vere open. Ei luke kan settast foran opningen på vinteren og når taubana ikkje er i drift.
- Bygget skal ha ein enkel grunnmur i tørrmur.
- Bygget skal ha kledning i kanta bord av furu eller osp. Kledningen skal vere ubehandla. Liggande kledning blir anbefalt.
- Taket skal vere av bølgeblekk.
- Bygget kan ha ei enkel, tradisjonell labankdør.
- Det kan settast inn eit lite vindauge ved sidan av døra. Dette må i så fall vere eit enkelt, tradisjonelt, kitta vindauge med maksimal storleik 80 x 80 cm.
- Det kan brukast helikopter til å fly opp bukkane, anna materiale og nødvendig utstyr.
 - Tal helikopterturar skal avgrensast til det som er absolutt naudsynt, og til færrest mogleg dagar, med eit maks tal på 8 turar.
 - Flyging kan gjennomførast i løpet av 2025. Tidsrom for flyging skal avtalast med forvaltar så snart tiltakshavar har fått avklart med entreprenør når arbeidet kan gjennomførast.
 - Under transport skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv.
 - Om mogleg skal det ikkje flygast på søndagar av omsyn til friluftslivet.
 - Bruk av helikopter skal meldast til Statens naturoppsyn v/Kristoffer Ullern Hansen (tlf. 97097720) seinast dagen før transport.
 - Dersom det er mogleg, skal transporten samordnast med anna transport i området.
 - Dette løyvet skal vere med i helikopteret under transport.
- Rapport med bilde av tiltaket skal sendast til sekretariatet når arbeidet er slutført.

Saksopplysningar

Øvste Stegen er ein høgdegard som ligg på 350 høgdemeter over Aurlandsfjorden. Ottar Stegen er eigarar av Øvste Stegen Høgdegard. Saman med sønene ynskjer han å utvikle og ta i bruk høgdegarden i næringssamanheng. Dei held på å bygge opp ein stamme av sau, og ynskjer i tillegg å satse på omvising, servering og kulturformidling på garden. Det er ein bratt sti opp til garden frå fjorden, og per i dag må alt berast opp. Det vart bygd taubane frå fjorden og nesten opp til garden ca 1900. Då garden vart slått for siste gong i 1978 begynte forfallet på taubana - og ca 1989 var bukkane rotne og ubrukelege. Ottar Stegen søker no om å få setje oppatt taubana.

Frå søknaden:

Taubana har både kulturhistorisk og miljømessig verdi og er viktig for heilskapen i kulturmiljøet på Øvste Stegen. Taubana er og eit nødvendig hjelpemiddel for å drive og utvikle garden. Alt me treng av utstyr og proviant må berast opp. Me har teke imot litt gjester på garden og kjent på kor arbeidskrevjande og tungt det har vore å bore

det som skulle til for å legge til rette for det. Skal me utvikle og ta garden i bruk til turisme-kulturhistorisk formidling, er taubane eit nødvendig hjelpemiddel for å at me skal kunne tilby det. Fram til no når me har hatt gjester på garden, har me fått berehjelp av sønnene vår og venner. Det er vanskeleg å panlegge og ta imot gjester fordi me ikkje veit om det passar at nokon kan hjelpe oss å bere. Å gjere dette utan taubane, er krevjande og ikkje noko me kan satse på.

Høgdegardane er omtalt i Forvaltningsplanen for Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden, som særskild viktige å ta vare på. Det same gjeld for kulturlandskapet på Stegen. I Restaureringsplanen for Nærøyfjordområdet (2021) har kulturmiljøet på Stegen høgste prioritet. For å kunne drive, utvikle og ta vare på garden er det avgjerande at arbeidet er overkommeleg – at me klarer å stå i dette viktige arbeidet. Me treng difor taubane.

I eit skriv med tilleggsopplysningar legg dei til at taubana også vil brukast til å frakte høy. Dei planlegg å hesje graset dei slår på Øvste Stegen, sende det ned til fjorden med taubana, frakte det til Aurland og nytte det som for til sauane. Dette vart gjort med høyet frå 1972 til 1978, då garden framleis var fylldyrka.

Øvste Stegen Høgdegard har engasjert Dennis Guhl, Vestlaft AS, til å greie ut korleis arbeidet bør gjennomførast. Han gir følgjande skildring av planane:


Lastetaubane har en strekning på ca.450 m. Det skal settes opp 3 st. taubanebukker i furu på samme plassering av eksisterende bukkene. Lastekapasitet ca. 100 kg.



Figur 1. Bildet viser plassering av taubana i terrenget. Dei svarte merkene viser kor bukkane er.



Banen driftes av en motorisert vinsj på toppen av banen, det skal også settes opp et grindbygg over vinsjen for å beskytte mot været og andre ytre påkjenninger. Bukkene tilpasses terrenget og har en grunnavmåling ca. 2,5 m x 2,5m og en høyde fra ca. 5 m den nederste/første bukken, de to øverste bukken (nr.2 og 3) noe mindre.



Figur 2. Skisse av bukkane.

Stålkonstruksjon for bæring av trekk- lastewire brukes eksisterende stålkonstruksjon fra tidligere konstruksjon, som ligger i brukbar tilstand i terrenget. Det må påregnes nye bolter ved montering av stålkonstruksjon til nye bukkene. Det anbefales at stålkonstruksjon børstes reint fra korrosjon og overflatebehandles.




Figur 3. Stålkonstruksjon som skal gjenbrukast.

Bukken prefabrikeres på bakken og flyes ferdig montert til endelige posisjon med helikopter fra Undredal. Fundamentering av bukken er lokalt stein/berget. Innfestning av alle 4 peler/bein med flatjern som er sveiset på et armeringsjern (minst M24) som gyses fast i berget. Innfestning i flatjern vi gjennomgående bolter M20. Stålbjelken som ligger i terrenget heises etter montering av bukker til sin endelige posisjon og monters på bukken. For sideavstiving brukes det 4 st. bardunwirene som festes diagonalt fra bukkens stålkonstruksjon til berget med øyebolter som gyses fast.

Som del av søknaden søker Ottar Stegen om å sette opp eit bygg som skal beskytte maskineriet på toppen av taubana. Frå søknaden:

Beskrivelse:

Maskinhusets hensikt er å beskytte motor til wren for ytre påkjenninger. Huset skal settes opp som grindbygg. Lengden på bygget er 3m, bredden 2m. Høyden til beten ca. 2m. Det anbefales å kle inn på tre sider, begge langsider og en gavlside. Åpning mot taubane trasse skal være åpen. Materialet til grindbygg så anbefales furu, men andre lokale treslag kan også vurderes. Stående kledning i furu eller osp. Grunnmur i tørrmur.



Figur 4. Skisse av omsøkt grindbygg, frå søknaden.

For å gjennomføre arbeidet søker Ottar Stegen om inntil 8 landingar med helikopter for å frakte material, utstyr og montere bukkane. Flygeruta er frå Hjellum i Undredal til Øvste Stegen.



Figur 5. Kart med innteikna helikopterrute.

Dokument i saka:

- Søknad om istandsetting av taubane, motteken 22.10.2024
- E-postutveksling med tilleggsopplysningar og svar på spørsmål
- Skisse av maskinhus, motteken 09.01.2025
- Kulturminnefagleg fråsegn frå Vestland fylkeskommune, motteken 22.01.2025

Søknaden blir vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden, rapport nr. 1 - 2008



Lovgrunnlaget

Formålet i Nærøyfjorden landskapsvernområde er definert i verneforskrifta § 2: «*Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfald av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruksdrift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter*».

1.1 Området er verna mot alle inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter. Dette gjeld til dømes: ... oppføring av anlegg og faste innretningar, framføring av luftleidningar og jordleidningar....

1.2 Reglane i 1.1 er likevel ikkje til hinder for: e.Vanleg vedlikehald av eksisterande kablar, luftleidningar, vatningsveiter, løypestreng, gjerde m.m. ...

Det er her snakk om gjenoppbygging av ei taubane som har lege nede i mange år, noko som må reknast som meir enn vanleg vedlikehald. Søknaden må derfor vurderast etter § 48 i naturmangfaldlova: «*Forvaltingsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig*».

Det er eit generelt forbod mot motorisert ferdsle, lågtflyging under 300 meter og landing i Nærøyfjorden landskapsvernområde jf. verneforskrifta § 3 pkt. 2.1.

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, kan gje løyve til luft- og snøskutertransport av materiale til hytter, bruer m.v. og av brensel, utstyr og proviant til hytter og stolar jf. verneforskrifta § 3 pkt. 2.3.

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Høgdegarden Øvste Stegen er ein viktig del av kulturlandskapet i Nærøyfjorden landskapsvernområde. Det er viktig at garden med bygningar og kulturlandskap blir haldt ved like, og veldig positivt at også den nye generasjonen er interessert i å ta vare på garden og drive aktivitet der. Veggen frå fjorden er lang, bratt og smal, og ei taubane vil kunne lette drifta betrakteleg. Ei taubane vil også kunne redusere framtidig behovet for bruk av helikopter, sjølv om dette framleis vil vere aktuelt ved frakt av tyngre last, då maks last på taubana er 100 kg.

Kunnskapen om området er kjent gjennom forvaltningsplanen for Nærøyfjorden, synfaringar i området og naturregistreringar. Den nedste delen av taubana vil ligge innanfor ei svært viktig naturbeitemark. I tillegg til å ha ein rik flora er dette området eit veldig viktig leveområde for fleire raudlista insekter, som sommarfuglane stor bloddråpesvermar (EN), båndbloddråpesvermer (EN), rosevikler (VU) og mørk rutevinge (VU) (naturbase 31.01.2025). Området er ikkje kartlagt så høgt opp som til Øvste Stegen. Sannsynlegvis er det området nede ved fjorden som er det viktigaste for sommarfuglane, men stor



bloddråpesvermer er observert så høgt opp som til Øvste Stegen, og det er mogleg den også brukar dette området til ein viss grad. Med eit varmare klima kan ein sjå føre seg at sommarfuglane vil kunne bruke dei øvre områda av habitatet sitt meir.

Sommarfuglane kan bli forstyrra akkurat når byggearbeid og helikopterflyging pågår, men dette er ikkje forventa å vere ein stor negativ påverknadsfaktor. Når taubana står ferdig vil ikkje drift av denne påverke sommarfuglane. Sjølve den nedste bukken vil okkupere litt areal i naturbeitemarka, men dette er så lite at påverknaden vil vere minimal. Bygging av vernehuset over maskineriet oppe på Øvste Stegen vil kunne beslaglegge litt av eit potensielt habitat for sommarfuglen. Samtidig vil det positive ved at taubana aukar sjansen for langsiktig drift av høgdegarden, vege opp for dette. Både stor bloddråpesvermer og dei andre sommarfuglane er avhengig av opne slåtte- og beitemarker, og det vil derfor vere positivt for desse artane at drift og skjøtsel på Øvste Stegen blir oppretthaldt. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml § 8 er vurdert som godt nok for å vurdere saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje vektlagt i saka.

Den største påverknaden av gjenoppbygging av taubana vil vere påverknaden på landskapet. Bukkar med ei høgde på inntil 5 meter vil vere eit synleg inngrep i landskapet. Samtidig er det her snakk om gjenoppbygging av ei taubane som har vore her tidlegare, og som har hatt ein viktig funksjon i kulturlandskapet. Forvaltar meiner derfor at taubana ikkje kan seiast å påverke landskapet sin art og karakter. Å ta vare på kulturlandskapet, inkludert gardsbruk og kulturminne er ein viktig del av formålet med vernet av Nærøfjorden landskapsvernområde. Gjenoppbygging av taubana vil ikkje påverke verneverdiane negativt og det vil derfor vere opning for å gje løyve til tiltaket etter § 48 i naturmangfaldlova. Det er viktig at det blir brukt sama materiale og, så langt det let seg gjere, same byggeteknikkar som på den gamle taubana.

Vernebygget som er planlagt over maskineriet på toppen av taubana er ein viktig del av taubana. Eit tilsvarande bygg sto der når den gamla taubana var i drift. I følgje søker var det at dette bygget falt ned ein viktig grunn til at den gamle taubana rusta bort og vart øydelagd. Det ligg igjen nokon steinar frå grunnmuren og bølgeblekkplater frå taket av det gamle bygget. Likevel vil det her vere snakk om ein komplett gjenoppføring av huset, og meir enn berre restaurering. Verneforskrifta opnar berre for nye bygningar i samband med landbruk, turlagsverksemd og oppsyn. Dette fell ikkje direkte inn under nokon av desse kategoriane, men forvaltar vurderer likevel at det vil vere naturleg å gjere eit unntak frå verneforskrifta og gje løyve til bygget etter naturmangfaldlova § 48. Dette fordi bygget er ein naturleg del av taubana, som det vil vere positivt for verneverdiane å få satt opp igjen. Det at det har vore eit tilsvarande bygg her tidlegare talar også for at det bør kunne gjevast løyve til bygget.



Figur 6. Den øvste blå streken peiker mot restane av heisepelet der det gamle bygget sto. Den nederste blå streken peikar mot materiale som ligg att etter huset.

For å kunne gjere eit unntak frå verneforskrifta er det viktig at det nye bygget blir mest mogleg likt det gamle, og at det blir brukt gamal byggeskikk. Det føreligg ikkje bilete av det gamle bygget, men restane som ligg att seier nokon om storleik og materialbruk. I tillegg har Vestland fylkeskommune gitt uttale til saka, der dei seier noko om kva som var vanleg byggjeteknikk for denne typen uthus. Fylkeskommunen er positive til at taubana blir bygd opp att, inkludert vernebygget, så lenge det blir brukt tradisjonelle konstruksjonar og material.

Når det gjeld vernebygget rår dei til at dette blir sett opp som stikkspærrehus, i tråd med tradisjonen for denne typen reisverkshus i området, og ikkje som grindbygg som søkt om. Dei viser til «Rettleiar for antikvarisk istandsetting verne- og verdsarvområdet i Nærøyfjorden» der det står: *«I verne- og verdsarvområdet finn vi fleire ulike typar konstruksjonar i tre og stein. Innhus og heimeløer har i stor grad vore bygde med liggjande tømmer (laft). Utløer og andre uthus er ofte bygde i reisverkskonstruksjon. Reisverka i denne regionen vert kalla stikkspærrehus. Det er ein konstruksjon i bindingsverk med bothn og toppsviller, som har sperrebukkar som berer åsar».*

Slike enkle uthus vart tradisjonelt bygd av materiale funnet på garden, og det blir anbefalt å hogge trestokkar lokalt til reisverket. Søkar kan kle inn bygget på tre sider som søkt om, men fylkeskommunen tilrår liggjande kledning til denne type bygg, i staden for ståande kledning som i skissa. Kledningen skal ikkje behandlast, men få gråne naturleg. Taket må vere av bølgeblekk, ikkje torv. Det blir søkt om å sette inn eit vindauge. Søker argumenterer for at dette vil vere viktig med tanke på lysinnslepp, spesielt på vinteren når dei tenker å sette ei luke for den opne vegg for å beskytte maskineriet mot snødrev og regn. Det mest vanlege var at slike enkle uthus ikkje hadde vindauge, og forvaltar ber søkar vurdere om ikkje lys frå open dør og vegg vil gje tilstrekkeleg lys. Det finnes derimot tilfelle av tradisjonelle uthus med vindauge, så viss søker meiner det er heilt naudsynt, kan det settast inn eit lite vindauge som skissert. Det er viktig at både dør og eventuelt vindauge blir bygd etter gamal byggeskikk og at det ikkje blir satt inn ferdigkjøpte moderne vindauge og dør.



Så lenge huset blir bygd etter gamal byggeskikk, og vilkåra i denne saka og tilrådingane frå fylkeskommunen blir fylgt, vurderer forvaltar at bygget ikkje vil påverke landskapets art og karakter. Då vil det etter kvart gli naturleg inn som ein del av bygningsmassen på Øvste Stegen. I og med at det er eit bygg som er nødvendig for taubanedrifta, vil det gje liten presedensverknad med tanke på andre bygningar. Å gje løyve til denne taubana kan gje presedens med tanke på andre stadar det er aktuelt å bygge opp igjen taubaner, men forvaltar ser ikkje på dette som noko negativt. Den samla belastninga av å bygge opp igjen taubana til Øvste Stegen blir vurdert å vere akseptabel jf. nml § 10, og kan til og med tenke seg å bli positiv for ivaretaking av kulturlandskapet på lengre sikt.

I dette landskapet vurderer forvaltar taubanedrift til å vere den beste måten å frakte varer opp og ned til høgdegarden, jamfør nml § 12. Bruk av helikopter blir vurdert som nødvendig for å sette opp at taubana og vernebygget. Helikopter vil kunne føre til ein del forstyrningar akkurat under arbeidet, men påverknaden blir vurdert til å vere akseptabel. Å få bygd opp igjen taubana kan føre til mindre behov for bruk av helikopter seinare. For å avgrense påverknaden blir søkar bedt om å avgrense flyging til det som er absolutt naudsynt, og å konsentrere flyginga til så få dagar som mogleg. Tidspunkt for flyging skal avklarast med forvaltar i god tid før tiltaket blir sett i gong. Om mogleg skal flyging samordnast med anna helikoptertransport i området. Tiltaket vil lite truleg føre til miljøforringing og nml. § 11 er difor ikkje vurdert i denne saka.

Konklusjon

Taubane har tidlegare vore ein naturleg del av drifta på Øvste Stegen. Å sette opp att taubana til Øvste Stegen vil vere positivt for å sikre framtidig drift og skjøtsel av høgdegarden. Så lenge taubana og vernebygget blir bygd etter gamal byggeskikk og mest mogleg likt det som sto der før, vil ikkje landskapets art eller karakter bli negativt påverka. Etter ei samla vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-12, meiner forvaltar tiltaket ikkje vil påverka verneverdiane nemneverdig, og det vil ikkje vera i strid med verneføremålet. Forvaltar meiner det kan gjevast løyve til tiltaket etter nml. § 48.



Arkivsaksnr: 2023/197-10
Sakshandsamar: Alf Erik Rørvik
Dato: 13.03.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	13/25	25.03.2025

Nærøyfjorden landskapsvernområde - midlertidig anleggsveg og rehabilitering av flaumvoll - Holmen kraftverk AS

Innstilling frå forvaltar

Holmen Kraftverk AS og Bystøl AS får dispensasjon til å bygge midlertidig veg ned i Jordalselva og til rehabilitering av flaumvoll ved utløpskanal. Dispensasjonen er gjeven med heimel i naturmangfaldlova § 48 første ledd.

Vilkår for dispensasjonen:

- Arbeidet skal skje i tråd med detaljplan for miljø og landskap som Norges vassdrags- og energidirektorat har godkjent.
- Anleggsvegen skal vere midlertidig og må fjernast etter at rehabiliteringa er ferdig. Terrenget skal tilbakeførast til slik det var før anleggsarbeidet, so langt det lar seg gjere.
- Når arbeidet og tilbakeføring er ferdig skal det gjennomførast ei synfaring der tilbakeføringa skal godkjennast av verneområdeforvaltinga.



Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Detaljplan for miljø og landskap – rehabilitering av voll og midlertidig anleggsveg ved utløpskanalen til Holmen kraftverk
- Kommentarer til høyringsuttalar
- Holmen Utløpskanal – tilleggsnotat til svar på høyringsuttalar
- Godkjenning av revidert detaljplan for miljø og landskap – frå NVE

Saka er vurdert etter:

- Naturmangfaldlova
- Verneforskrift for Nærøyfjorden landskapsvernområde

Søknaden

Holmen Kraft AS og Bystøl AS har sendt inn detaljplan for miljø og landskap for rehabilitering av utløpskanalen til Holmen Kraftverk i Jordalselva. Detaljplanen og arbeidet inneber fysiske tiltak og arbeid med gravemaskin i elva og utløpskanalen, og i tillegg midlertidig anleggsveg ned til og over elva.

Føremålet med arbeidet er å reparere ein flaumvoll ved utløpskanalen frå Homen Kraftverk i Jordalselva. Vollen skal verne utløpskanalen og hindre at kanalen vert fylt opp av massar som kjem med elva. Oppsamling av massar er negativt for fisken i elva, og dette er på anadrom strekning.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) har handsama detaljplanen og godkjent den. Dei har lagt inn eit vilkår i godkjenninga om at tiltaket må ha løyve frå Nærøyfjorden verneområdestyre.



Regelverk

Tiltaksområdet ligg inne i Nærøyfjorden landskapsvernområde. I verneområdet er denne typen inngrep forbode, jamfør verneforskrifta § 3 punkt 1.1.a (mine understrekingar):

1.1 Området er verna mot alle inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter.

Dette gjeld til dømes:

- a. Bergverksdrift, vassdragsregulering, bygging av vegar, oppsetjing og riving av bygningar, oppføring av anlegg og faste innretingar, framføring av luftleidningar og jordleidningar, drenering og anna form for tørrlegging, sprenging, masseuttak, utfylling, planering og lagring av masse, lausbryting og fjerning av stein og mineral, bruk av kunstgjødsel og kjemiske sprøytemiddel i utmark, fjerning eller inngrep i verdfulle kulturminne så som gamle vegar og steinmurar. Opplistinga er ikkje uttømmende.*

Det er ikkje dispensasjonsheimel for tiltaket i nokon av dei andre punkta i verneforskrifta. Saka må derfor handsamast etter den generelle dispensasjonsheimelen i naturmangfaldlova (nml) § 48. Der er det første ledd som er aktuelt å bruke (understreka):

§ 48. (dispensasjon fra vernevedtak)

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

Alle vedtak som kan verke inn på naturmiljøet skal, jamfør nml § 7, vurderast opp mot nml §§ 8-12.

Søkjar er sjølv ansvarleg for naudsynte løyve frå andre instansar og eventuelle grunneigarar.

Naturmangfaldlova § 48

Når ein skal vurdere ei sak etter naturmangfaldlova § 48, so må ein først vurdere om vilkåra i paragrafen er oppfylt, slik at paragrafen i det heile tatt kan nyttast til å gje ein eventuell dispensasjon. Tiltaket eller aktiviteten kan ikkje stride mot verneføremålet eller påverke verneverdiane nemneverdig. Vi må då sjå til verneføremålet for Nærøyfjorden landskapsvernområde, som står i § 2 i verneforskrifta:



§ 2.Føremål

Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfald av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruksdrift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter.

Som vi ser i paragrafteksten er det først og fremst kulturlandskapet som er langt vekt på her, men eit vakkert naturlandskap frå fjord til fjell er og nemnt. Elvane og vassdraga er ein del av det naturlandskapet, men altso ikkje spesifikt nemnt.

Det er eit viktig moment at arbeidet skal skje på eit kraftverk som allereie er i verneområdet, og det skal jobbast med ein menneskeskapt struktur som flaumvollen er. Anleggsvegen som skal byggast er midlertidig og skal fjernast og terrenget tilbakeførast i følgje detaljplanen. Det er og eit område som allereie er sterkt påverka av både veg og kraftverk,

Sopass tunge inngrep som det er snakk om her er kontroversielt i eit verneområde, og ei sak som må vurderast og diskuterast grundig. Men med dei nemnte tilhøva tatt med i den vurderinga so landar forvaltar likevel på at tiltaket ikkje strider med verneføremålet og at § 48 derfor kan brukast.

Vurdering

Sjølv om vi har slått fast at nml § 48 kan brukast, må det likevel gjerast ei fagleg og skjønsmessig vurdering om det er fagleg tilrådeleg å gje dispensasjon. Og i tillegg vurdere å legge vilkår til ein eventuell dispensasjon.

NVE har allereie handsama saka i tråd med sine føringar og regelverk. Dei har godkjent detaljplanen med dei planlagde tiltaka, men med vilkår om at verneområdestyret gjev dispensasjon. NVE er fagmyndigheit på at som gjeld vassdrag og vasskraft og har handsama saka i tråd med sine prosedyrar og krav. Eg ser ingen grunn til å stille spørsmål ved NVE si handsaming av saka, og viser til den.

I prosessen har det vore presentert eit anna alternativ, kor ein har flytta utløpskanalen ut av landskapsvernområdet. Det alternativet er seinare lagt vekk av tiltakshavar, og i høyringa av planen vart det spurt etter dette alternativet. Tiltakshavar har lagt vekk det alternativet først og fremst fordi det vil redusere lakseførande strekning og ikkje vere i tråd med konsesjonen. I tillegg gjer det alternativet dårlegare økonomi. Vurderinga og forklaringa til tiltakshavar om kvifor dette alternativet er lagt vekk verkar fornuftig.

I samband med rehabiliteringa skal det byggast ein midlertidig veg. Den skal gå frå eksisterande veg, ned i elva og over elva bort til flaumvollen. Det er krevjande terreng å



bygge veg i, og den vil vise godt i terrenget i anleggsfasen. Det set store krav til arbeidet å fjerne denne vegen etter anleggsperioden på ein slik måte at spora vert minimale. Det er eit poeng at området allereie er sterkt prega av infrastruktur, i form av den eksisterande vegen og kraftverket. Anleggsområdet er derfor ikkje på nokon måte urørt natur i dag.

Ei heilskapsvurdering tilseier at det er fornuftig og naturleg å støtte seg på handsaminga til NVE og gje løyve i tråd med den godkjenninga som NVE har gjeve til detaljplanen. Det tel dessutan positivt at rehabiliteringa vil vere positiv for fisken i elva.

Naturmangfaldlova §§ 8 til 12

Kunnskapsgrunnlaget i saka er solid. Det er sendt inn detaljert plan med teikningar, skisser og grunngjeving. NVE har gjort sine vurderingar. Tiltakshavar har svart på spørsmål og merknader som har kome inn i høyringa og det har vore ein grundig prosess. Naturmangfaldlova § 8 er oppfylt.

Jamfør nml § 10 skal vi vurdere samla belastning som tiltaket har på økosystemet. Som peika på tidlegare so er anleggsområdet eit område som allereie er prega av infrastruktur og kraftutbygging. Eit midlertidig inngrep vil sånn sett ikkje ha so stor betydning, so lenge anleggsvegen vert heilt fjerna og området rydda opp att etterpå. Det bør settast vilkår til opprydding og tilbakeføring.

Naturmangfaldlova §§ 9, 11 og 12 er ikkje aktuelle i saka.



Arkivsaksnr: 2025/3763-4
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 13.03.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	14/25	25.03.2025

Nærøyfjorden landskapsvernområde - Søknad om fleirårig løyve til helikoptertransport til Grindaflethytta - Voss Utferdslag

Innstilling frå forvaltar

Framlegg til vedtak:

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Voss Utferdslag løyve til å lande med helikopter ved Grindaflethytta i Nærøyfjorden landskapsvernområde for transport av ved, gass, proviant og anna utstyr til hytta. Løyvet gjeld for inntil fem landingar på ein dag i perioden 20. juli til 20. august i åra 2025 - 2028.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde § 3 punkt 2.3, og gjeld med følgjande vilkår:

- Transporten skal avgrensast til det som er naudsynt.
- Transporten skal skje utanom søndagar av omsyn til friluftslivet.
- Statens Naturoppsyn (SNO) for Nærøyfjorden, Kristoffer Ullern Hansen (mob. 97097720) skal varslast på førehand. SNO vil opplyse om det må takast spesielle omsyn til verneverdiane under helikoptertransporten.
- Dette løyvet skal vera med under transport, og skal kunne visast fram ved kontroll. Køyrebok skal fyllast ut før turen startar.
- Sekretariatet skal ha skriftleg tilbakemelding innan 01.11.kvar år i løyveperioden med dato, tal landingar og kva som er transportert. Me gjer merksam på at dette løyvet berre gjeld tilhøvet til verneforskrifta, og at det i tillegg må innhentast løyve etter lov om motorferdsel i utmark frå Voss kommune og grunneigar.



Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Søknad om fleirårig løyve til helikoptertransport til Grindaflethytta frå Voss Utferdslag
- Fråsegn frå Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell.
- Løyve til helikoptertransport for perioden 2021-2024.

Søknaden er vurdert etter:

- Verneforskrift for Nærøyfjorden landskapsvernområde
- Forvaltningsplan for Nærøyfjorden
- Naturmangfaldlova

Søknaden

Voss Utferdslag eig og driftar den sjølvbetente DNT-hytta Grindaflethytta. Hytta har jamleg behov for ved, gass, proviant og anna utstyr som må transporterast inn. Det vanlege er å bruke helikopter til denne transporten, og Voss Utferdslag søker derfor om eit fleirårig løyve til helikoptertransport til hytta.

Utferdslaget søker om inntil fem turar kvart år i perioden 2025 til 2028. Turane vil bli gjennomført på ein dag i august månad kvart år i perioden. Utgangspunkt for flyginga vil vere Ljosandbotn ved Mjølfjell og Fonnafly vil stå for sjølve flyginga. Voss Utferdslag opplyser og om at dei vil søkje Voss herad om naudsynte løyve frå dei.

Regelverk

Motorisert ferdsel, inkludert lågtflyging under 300 m og landing med helikopter, er forbode i Nærøyfjorden landskapsvernområde. Det står i verneforskrifta § 3 punkt 2.1.

I punkt 2.3 står det at forvaltningsstyresmakta likevel kan gje løyve til mellom anna helikoptertransport til hytter:

«2.3

Forvaltningsstyresmakta, eller den som vert tillagt mynde, kan gje løyve til luft- og snøscootertransport av materiale til hytter, bruer mv. og av brensel, utstyr og proviant til hytter og stolar. Traséane for snøscootertransport skal teiknast inn på kart.»

Jamfør naturmangfaldlova (nml) § 7, skal alle vedtak som kan verke inn på naturmiljøet vurderast i tråd med miljørettsprinsippa i nml §§ 8-12.

Flyging og landing med helikopter vil som oftast kreve løyve både frå kommunen og grunneigar i tillegg til verneområdestyret. Det er søkjaren sitt ansvar å ha desse løyva i orden.



Vurdering

Den Norske Turistforening, med sine mange lokale turlag, har mange hytter i norsk natur. Ein god del av desse ligg og i verna natur. Hyttene er eit positivt element både i verneområda og i den norske friluftskulturen. Hyttene gjev oss eit rimeleg, lågterskel tilbod som alle kan nytte seg av.

Med hytter vil det alltid vere behov for utstyr og forsyningar. Særleg gjeld dette betente og sjølvbetente hytter som skal ha eit visst tilbod for dei besøkande. Dette må fraktast inn, og for dei hyttene som ikkje har tilkomst med bilveg betyr det at transporten må skje gjennom motorferdsel i utmark. Dette er eit naturleg og rimeleg behov som styresmakter på ulike nivå normalt aksepterer innanfor fornuftige rammer.

Voss Utferdslag vil nytte helikopter. Det er nok det mest skånsame og mest effektive måten å transportere forsyningar på. Helikopter set ikkje spor, og sidan det er so effektivt er støyen som helikopter skapar veldig kortvarig.

Dei ønskjer å gjennomføre transporten i august månad kvart år. August er kanskje den perioden på året kor bruk av helikopter er minst problematisk for dyrelivet. Vi er ferdige med yngle- og hekketid, og dyrelivet er dessutan robust og har overskot til å takle uro etter ein frodig sommar.

Utferdslaget søker om inntil fem turar kvart år i ein perioden på fire år. Det er eit rimeleg omfang med tanke på behovet på ei slik hytte. Det skal og bør vere eit godt lager med ved på slike hytter, og ved medfører både volum og vekt på slike transportar. Det er vanleg å søkje for fleire år når ein har jamlege behov, og verneområdestyra gjer slike løyve for inntil fire år.

Området ved Grindaflethytta er eit særst sentralt område for villreinen i Raudafjell villreinområde. Det er registrert som både kalvings- og oppvekstområde, sommarbeite, haustbeite og trekkområde. Omsyn til villrein må ein derfor vektlegge tungt i handsaming av saka. I august månad, når det er søkt om å fly, er villreinen ganske robust og toler ein del uro. Skal ein først har motorferdsel i fjellet, er det nettopp juli, august og september som er dei mest skånsame månadane med tanke på villrein.

Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell for har fått saka tilsendt for eventuell fråsegn. Dei skriv at dei ikkje har avgjerande merknader til tiltaket. Dei peikar likevel på at det er viktig at Statens naturoppsyn vert kontakta i forkant av flyginga, for om mogeleg avklare om der er dyr i området. Villreinnemnda rår og til at transporten vert gjennomført i tida 20.juli til 20.august.

Kunnskapsgrunnlaget i saka er dekkande, jamfør krav i naturmangfaldlova (nml) § 8. Forvaltar har sjekka for registreringar i Naturbase og vi har henta inn lokalkunnskap om villreinen.

Omfanget av motorferdsel i området er moderat og godt regulert. Stort sett er det snakk om transportar til Grindaflethytta eller til andre hytter eller anlegg i fjellområda. Eit eventuelt løyve vil vere i tråd med forvaltningspraksis og vil ikkje skape presedens. Samla belastning, jamfør nml § 10, er akseptabel.



Naturmangfaldlova § 12 set krav om at mest skånsame metode skal nyttast. I dette tilfellet er det som sagt den mest skånsame metoden sidan det er effektivt og ikkje set spor.

Alt i alt er dette ei kurant sak, og det er både juridisk og fagleg tilrådeleg å gje løyve slik som det er søkt om, eventuelt med ei justering av løyveperioden i tråd med ønskje frå villreinnemnda.



Arkivsaksnr: 2024/15667-0

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 13.03.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøfjorden verneområdestyre	15/25	25.03.2025

Nærøfjorden verneområdestyre - fordeling av tiltaksmidler for 2025

Innstilling frå forvaltar

Kort omtale av tiltak	Budsjett	Revidert budsjett
Skjøtsel av kulturlandskap		
Styvi-Holmo	320 000	320 000
Stigen	103 000	103 000
Stokko	90 000	90 000
Stalheimskleiva	40 000	40 000
Øvste Stigen	18 000	18 000
Nedbergo	50 000	50 000
Skogane	15 910	15 910
Jeiskali og sti	21 500	21 500
Fronnes	10 320	10 320
Nåli	60 000	60 000
Nordheimsdalen, framande artar i sør	5 440	0
Nordheimsdalen, stølen - seminaturleg eng og boreal hei	21 760	0
Sum skjøtsel av kulturlandskap	755 930	728 730
Skjøtsel og tilrettelegging av stølsvegar og stiar		
Postvegen Bleiklindi-Styvi - Slått og rydding, årlig.	50 000	50 000
Rimstigen, årlig	30 800	30 800
Stiar Fresvik, årlig	21 500	21 500
Undredal - Stokko, årlig	9 600	9 600



Underdal - Hovdungo, årlig	9 600	9 600
Stigakaiaen - Stigen - Beitelen, årlig	13 760	13 760
Vassete - Breiskrednosi - rydda "ny" gamal sti	50 000	30 000
Odneshossen - Planlegge tilrettelegging/utlysning av trapp/sti	30 000	0
Dyrdal - Salthella - Skogane - Dyrdal, årleg.	14 400	14 400
Grøfter gamle Bakkaveg, årlig	20 000	20 000
Sti Sivle - Nåli, ny	9 600	9 600
Restaurering sti Tundalen, Fresvik, ny	50 000	50 000
Sti Nedbergo, ny	9 600	9 600
Sum skjøtsel og tilrettelegging av stølsvegar og stiar	318 860	268 860
Tilrettelegging og informasjonstiltak		
Delfinansiering miljøpatrulje	200 000	73 000
Nye utedoar	160 000	80 000
Møte med reiseliv og turoperatørar	30 000	0
Delfinansiering informasjonspunkt verdsarvhus på Bakka	40 000	30 000
Delfinansiering av nytt infopunkt i Aurland sentrum	30 000	20 000
Delfinansiering info/rasteplass i Slettedalen	30 000	0
Delfinansiering av andre skilt/innfallsportar	50 000	0
Sum tilrettelegging og informasjonstiltak	540 000	203 000
Sum tiltaksmidlar totalt	1 614 790	1 200 590

(Går inn som del av miljøpatruljeprosjektet).

Grunnstøtte drift på 100.000 kr vert ikkje fordelt no, men kan brukast til oppdukkande behov eller fordelast på tiltak seinare.

Forvaltarane kan i samråd med styreleiar omprioriterer tiltaksmidlar mellom tiltaka innanfor budsjettramma.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Søknad om tiltaksmidlar til Nærøyfjorden landskapsvernområde for 2025
- Tildeling av tiltaksmidlar for Nærøyfjorden landskapsvernområde for 2025

Bakgrunn

Nærøyfjorden verneområdestyre sette opp søknad om tiltaksmidlar for 2025 på siste styremøte i 2024. Det vart søkt om totalt 1.614.790 kr fordelt på 17 større og mindre tiltak.



Miljødirektoratet har no handsama søknaden og fordelt tiltaksmidler frå statsbudsjettet. Nærøyfjorden har fått 1.200.000 kr i ein samla pott, til fordeling på dei godkjende tiltaka. 15 av dei 17 tiltaka er godkjent, og styre kan bruke tiltaksmidler på desse. Eit tiltak, møte med reiseliv og turoperatørar, er utanfor postføremål og ikkje godkjent. Eit anna tiltak, delfinansiering av miljøpatrulje, har fått ein merknad. Miljødirektoratet presiserer at tiltaksmidlane kan nyttast til skjøtselsoppgåver, men ikkje til lønning av naturveileدارar og liknande.

I tillegg til tiltaksmidlane har Nærøyfjorden fått 100.000 kr til grunnstøtte drift. Det er ganske frie midlar som verneområdestyre kan nytte til drift og vedlikehald av infrastruktur, oppdukkande behov gjennom året eller liknande.

Handsaming i møte

Verneområdestyret skal fordele dei tiltaksmidlane som er tildelt. Det er tildelt om lag 400.000 kr mindre enn det er søkt om. Og tiltak nr 16, møte med reiselivet, er ikkje godkjent og kan strykast. Då må tiltaksplanen reduserast med om lag 380.000 samanlikna med søknaden.

Styret står fritt til å endre prioritering og endre summar, men tiltaksmidlane skal brukast på dei tiltaka som er inkludert i søknaden. Ein kan ikkje legge til nye tiltak no, utan at det er klarert med Miljødirektoratet.

I samarbeid med verneområdeforvaltar i permisjon har vi gått gjennom tiltaksplanen og budsjetta for dei enkelte tiltaka, og freista å tilpasse dette til tildelinga. Nokre tiltak er tatt ut eller utsatt til seinare. Andre tiltak har fått redusert tildeling i revidert budsjett.

Forvaltarane har prioritert skjøtsel av kulturlandskap, og ikkje redusert summene der i særleg grad i det reviderte budsjettet.

Styret kan og ta stilling til korleis grunnstøtte til drift av infrastruktur skal nyttast. Den kan settast av til relevante tiltak allereie no, eller ein kan ha den ståande «ufordelt» ei stund til dersom det dukkar opp akutte behov.

ST 16/25 Eventuelt